

Møteprotokoll kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-2

Stad og dato: Slidre, 08.04.2019

Møte 2/2018

MØTEPROTOKOLL, KONTROLLUTVALET I VESTRE SLIDRE KOMMUNE

Møtestad: Slidretun, Vestre Slidre Kommune

Møtedato: Måndag 08.april 2019

Møtetidspunkt: Kl.09.00 – 15.00

Til stades: Olle Rosendal (leiar), Frode Rolandsgard (nestleiar), Tove Skogheim Nyhagen (medlem)

Møtande vara: -

Forfall: -

Andre: Dagny Thon Hovrud (Kommunerevisjon IKS) under handsaming av sak 06/2019 – 09/2019, Eivind Brenna (ordførar) og Martin Sæbu (rådmann) under handsaming av sak 06/2019 - 07/2019, Gunhild Røine (kommunalsjef, oppvekst og integrering) under handsaming av sak 06/2019, Marit Øvstebø (økonomisjef) under handsaming av sak 10/2019 - 11/2019, Stine Rogne (oppdragsansvarleg revisor, Kommunerevisjon IKS) og Didrik Hjort (dagleg leiar, Kommunerevisjon IKS) under handsaming av sak 10/2019 – 14/2019

Protokollfører: Anne-Marte Før

Sakliste:

Sak 06/2019 Orientering frå administrasjonen, oppdatering av overordna analyse

Sak 07/2019 Nytt delegasjonsreglement

Sak 08/2019 Retningsliner for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Sak 09/2019 Stadfesting av uavhengigheit og habilitet frå Kommunerevisjon IKS

Sak 10/2019 Rapport frå årsoppgjersrevisjon

Sak 11/2019 Kontrollutvalet si uttale til årsrekneskap og årleg rapport 2018 for Vestre Slidre kommune

Sak 12/2019 Kontrollrapport 2018, skatteoppkrevjarfunksjonen for Vestre-Slidre kommune

Sak 13/2019 Orientering frå Kommunerevisjon IKS

Sak 14/2019 Saksbehandlingssystem KU

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Samrøystes godkjent

Formell godkjenning og signering av møtebok 22.01.2019:

Samrøystes godkjent

Neste møte:

05.06.2019, kl.13.00 -16.00

SAKLISTE

Sak 06/2019 Orientering frå administrasjonen, oppdatering av overordna analyse

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå administrasjonen til vitende og ber Kommunerevisjon IKS ta orienteringa med inn i arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse) av Vestre Slidre kommune jamfør vedtak i sak 05/2019.

Møteprotokoll kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-2

Stad og dato: Slidre, 08.04.2019

Handsaming i møtet:

Martin Sæbu (rådmann) og Gunhild Røine (kommunalsjef, oppvekst og integrering) orienterte om tenestemråda oppvekst og integrering. Kontrollutvalet, rådmann, ordførar, kommunerevisjon og tenesteleiar drøfta moglege risikoområder knytt til nemnte tenester.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå administrasjonen til vitende og ber Kommunerevisjon IKS ta orienteringa med inn i arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse) av Vestre Slidre kommune jamfør vedtak i sak 05/2019.

Sak 07/2019 Nytt delegasjonsreglement

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek nytt delegasjonsreglement for Vestre Slidre kommune til vitende.

Handsaming i møtet:

Martin Sæbu (rådmann) synt fram det nye delegasjonsreglementet for Vestre Slidre kommune.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek nytt delegasjonsreglement for Vestre Slidre kommune til vitende.

Sak 08/2019 Retningslinjer for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek *Retningslinjer for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune* og sender retningslinjene over til kommunestyret til orientering.

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta det endelege forslaget til retningslinjer for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek *Retningslinjer for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune* og sender retningslinjene over til kommunestyret til orientering.

Sak 09/2019 Stadfesting av uavhengigheit og habilitet frå Kommunerevisjon IKS

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek eigenvurderingane av uavhengigheit og habilitet frå oppdragsansvarlege revisorar Kommunerevisjon IKS til vitende.

Handsaming i møtet:

Dagny Thon Hovrud (Kommunerevisjon IKS) orienterte om bakgrunn for, og innhaldet i, eigenvurderingane av uavhengigheit og habilitet frå oppdragsansvarlege revisorar hjå Kommunerevisjon IKS.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek eigenvurderingane av uavhengigheit og habilitet frå oppdragsansvarlege revisorar Kommunerevisjon IKS til vitende.

Møteprotokoll kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-2

Stad og dato: Slidre, 08.04.2019

Sak 10/2019 Rapport frå årsoppgjersrevisjon

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten for årsoppgjersrevisjon 2018 for Vestre Slidre kommune til vitende.

Handsaming i møtet:

Oppdragsansvarleg revisor, Stine Rogne, la fram sin rapport for årsoppgjersrevisjon 2018. Økonomisjef Marit Øvstebø deltok i saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten for årsoppgjersrevisjon 2018 for Vestre Slidre kommune til vitende.

Sak 11/2019 Kontrollutvalet si uttale til årsrekneskap og årleg rapport 2018 for Vestre Slidre kommune

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet si uttale

Kontrollutvalet har handsama Vestre Slidre Kommune sitt årsrekneskap for 2018. Saman med årsrekneskapet følgde årsmeldinga. Kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding og rapport til kontrollutvalet om årsrekneskapet.

Årsrekneskapet og årsmeldinga er i alt det vesentlege lagt fram i samsvar med lov og forskrifter, og gjev uttrykk for den økonomiske stoda i kommunen pr. 31.12.2018.

Kontrollutvalet viser til interimrapport av 4. desember 2018 etter løpande revisjon for 2018. Dei fleste punkt i rapporten som har vore til oppfølging er avklart. Rapporten vil bli følgt opp under løpande revisjon 2019.

Kommunestyret har ikkje vedtatt merknader til rekneskapen som har kravd oppfølging i 2018.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet viser til rapport frå Kommunerevisjon IKS datert 27.03.2019, og meiner denne syner at kommunen i all hovudsak har forsvarlege rutinar for kommunerekneskapen.

Vidare viser kontrollutvalet til rapporten sitt punkt nr. 2.2, og tilrå at mindreforbruket i 2018 på kr 10,7 mill. blir satt av til disposisjonsfond for å styrke kommunen sin økonomi.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga og tilrår at årsrekneskapen til Vestre Slidre kommune blir godkjent.

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Marit Øvstebø legg fram årsrekneskapen 2018 for Vestre Slidre kommune. Oppdragsansvarleg revisor, Stine Rogne, la fram si revisjonsmelding til årsrekneskapen.

Vedtak:

Kontrollutvalet si uttale

Kontrollutvalet har handsama Vestre Slidre Kommune sitt årsrekneskap for 2018. Saman med årsrekneskapet følgde årsmeldinga. Kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding og rapport til kontrollutvalet om årsrekneskapet.

Årsrekneskapet og årsmeldinga er i alt det vesentlege lagt fram i samsvar med lov og forskrifter, og gjev uttrykk for den økonomiske stoda i kommunen pr. 31.12.2018.

Møteprotokoll kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-2

Stad og dato: Slidre, 08.04.2019

Kontrollutvalet viser til interimsrapport av 4. desember 2018 etter løpande revisjon for 2018. Dei fleste punkt i rapporten som har vore til oppfølging er avklart. Rapporten vil bli følgt opp under løpande revisjon 2019.

Kommunestyret har ikkje vedtatt merknader til rekneskapen som har kravd oppfølging i 2018.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet viser til rapport frå Kommunerevisjon IKS datert 27.03.2019, og meiner denne syner at kommunen i all hovudsak har forsvarlege rutinar for kommunerekneskapen.

Vidare viser kontrollutvalet til rapporten sitt punkt nr. 2.2, og tilrå at mindreforbruket i 2018 på kr 10,7 mill. blir satt av til disposisjonsfond for å styrke kommunen sin økonomi.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga og tilrår at årsrekneskapen til Vestre Slidre kommune blir godkjent.

Sak 12/2019 Kontrollrapport 2018, skatteoppkrevjarfunksjonen for Vestre-Slidre kommune

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek kontrollrapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen 2018 til vitende.

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom Kontrollrapport 2018 av skatteoppkrevjarfunksjonen for Vestre-Slidre kommune.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek kontrollrapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen 2018 til vitende.

Sak 13/2019 Orientering frå Kommunerevisjon IKS

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå dagleg leiar i Kommunerevisjon IKS til vitende.

Handsaming i møtet:

Ny dagleg leiar i Kommunerevisjon IKS, Didrik Hjort, presenterte seg for kontrollutvalet.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå dagleg leiar i Kommunerevisjon IKS til vitende.

Sak 14/2019 Saksbehandlingssystem KU

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune ynsker å nytte saksbehandlingssystemet ACOS levert via IKT Valdres og ber difor kommunestyret om å legge til rette for denne investeringa hjå IKT Valdres. Kontrollutvalet foreslår at kommunestyret gjev sitt representantskapsmedlem mandat til å avklare modell for kostnadsfordeling mellom kommunane.

Kontrollutvalet ber sekretariatet sende saka over til kommunestyret for behandling i deira møte 02.05.19.

Møteprotokoll kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Saksbehandlar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2019-2

Stad og dato: Slidre, 08.04.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta behovet for saksbehandlingssystem og løysinga som kontrollutvalet har fått tilbod om via IKT Valdres.

Vedtak:

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune ynsker å nytte saksbehandlingssystemet ACOS levert via IKT Valdres og ber difor kommunestyret om å legge til rette for denne investeringa hjå IKT Valdres. Kontrollutvalet foreslår at kommunestyret gjev sitt representantskapsmedlem mandat til å avklare modell for kostnadsfordeling mellom kommunane.

Kontrollutvalet ber sekretariatet sende saka over til kommunestyret for behandling i deira møte 02.05.19.

Slidre, 08.04.19.

Anne-Marte Før (*sign.*)

Kontrollutvalssekretariatet for Valdres

Kopi sendt: Ordførar og Kommunerevisjon IKS, rådmann og post-mottak.

Møteprotokoll godkjent:

Slidretun,

Olle Rosendal

Frode Rolandsgard

Tove Skogheim Nyhagen